

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: V.Slidre.

Emne: Helsing, fakter og Aatferd.

Bygdelag: Øyebygden i Røn.

Oppskr. av: G.Kirkevoll

Gard: Kirkevoll.

(adresse): Jomfrubraatvn.25,
Bekkelagsnøgda.

G.nr. 66 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter mor og far og eigen
røynsle.B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Far, født 1857, gardbrukar i V.Slidre, mor født 18011.

"Ja" og "nei" vart helst SVAR uttrykt berre ved bukk eller rist paa hovudet, men mest som ei understriking av att ein samtidig sa ja eller nei. Visse rørslor, serleg med høgre armen, skulde og forsterke det ein sa i visse høve. Soleis kan eg hukse ein eldre mann Jigjer paa Hauge gjorde eit raskt tverrkast med høgre armen innover og oppover, mot seg sjølv, naar han spaadde vind og vær. (Han var flink værspaa-ar.) Vart det fortalt noko forvitneleg - eller noko um eit storhende so vinka, han som høyrde paa, til seg fleire gonger med høgre handi, mest som han skulde draga til seg det som vart sagt. Det vart som formykje aa greide alt med berre syro.-Var det noko sorgsamt aa høyre, slo dei gjerne ut fleire gonger med høgre hand og sa: "Nei:, nei: ". Meir velkjent er det vel at folk slo seg paa knei medan dei skratta og log. - Mykje av dette var brukt for 40-50 aar sidan og tok daa og til aa gaa av bruk.

2. Alle ein møtte vart helsa paa, kjende og ukjende.

3. Var ~~å~~ingen regel for kven som skulde helse først. Det har alltid vore liten eller ingen standskildnad i V.Slidre.

4. "Gud signe" var den gamle helsingi, vart ofte til : "Gu singde", eller "Gu synde", so vart det "gudag, gu-morn", eller "gu-kveld!".

5. Det var nok dei som brukte aa seia "gu-dag granne", eller "gu-dag slektning.-Det var ikkje vanleg at folk tok

2
av seg hatten naar folk møttest. Derimot var det vanleg i onnene at kar-fokki ute paa jordene "hatta" til kvarandre fraa den eine eigedomen til den andre. (Dei tok av seg hatten og svinga den rundt). Den som det vart "hatta" til svara paa sama maaten.

6. Kjenner ikkje til.

7. Trur ikkje det var nokon skildnad.

8. Handhelsing vart brukt i alle lag som brudlaup,gravferd, kyrkjegang eller andre samkomor. Naar langfarande kom til gards var det handhelsing, likeso naar gamle kjenningar møttes etter storvegen e.l.- Det vart helsa i handi paa alle born naar dei var so store at dei kunne skyna det.

9. Klapping paa oksli vart og brukt i ymse høve. Var det t.d. ein rik og betre mann i slekti kunne han klappe paa oksli og seia: "Syskinbaadn, syskinbaadn". Det veit eg far fortalte at det var ein som dei kalla "Den rike mann paa Granneim", (nan og fleire andre) brukte aa gjera det.

10. Det vart brukt aa ta av seg hatten naar kyrkjeklokko-ringa i gravferd, men um det var brukt ved vanleg klokke-ringing er eg ikkje sikker paa. - men naar ein kom inn paa ein kyrkjegard skulde ein taka av seg hatten og seia: "I Jesu namn", hatten bar ein i handi til ein skulde ut att.

(Paa vaar eigedom i Valdres var det gravplass, kyrkja vart fløtt 1747), og det var far og mor som gav meg desse fyresgnene.-- Eg veit ogso at ein valdris-Torbjørn Bø-Strand tok av seg hatten daa han ein gong gjekk inn paa den tyske kyrkjegarden paa Ekeberg. Han var ikkje N.S. og var like sint paa tyskerne som dei fleste andre. Men skikken hadde han fraa Valdres og tykte at den maatte vera likt anten ^{far} det var ven eller uven.

11. Møtte ein likferd var det vanleg aa taka av seg hatt-en medan ferdi drog forbi. Um det vart brukt noko naar dei nøtte brurfylge veit eg ikkje, men det vart mykje brukt aa skjote med laust krut i gever eller pistolar - eller ved aa laga krutkjeringsar.

12.

Veit ikkje um det vart helsa paa dyr, men soli vart hel-sa fyrste gongen ho kom att etter jol. se under St. helse understik
13. Det eldste var truleg aa helse, Gud signe, anten det var morgen eller kveld. Seinare kom "gumorn" eller "morn", men mest "gudag" - alder "god middag", um det ikkje har vorte akurat i den siste tid. - God-efta", og "god aften" vart sjeldan brukt. Det var "gu-kveld", naar dei kom og det sama naar dei gjekk - eller ogso "dø faar ha ein go-kveld daa". Var det seint var det "go-natt". "Farvel", vart mykje brukt naar ein gjekk.

Elles var det ein pussig maate dei sende helsing paa til kvarandre for umlag 100 aar sidan. "Du faar helse hono N.N. gonatt fraa meg. Slik vart det sagt um helsingi kunne koma fram sama dagen eller um fleire dagar.

Daa kong Carl XV. reiste gjennom Valdres laag han og so ei natt i Øylo i Vang. Vertinna heitte Barbro Øylo. Daa kongen skulde reise ~~saxne~~ tok ho han i handi og sa: "Farvel daa konge og hels dronningi god-natt fraa Barbro Øylo".
14. Ein maatte prøve aa bruke helsing som passa med tidi paa dagen, det var ikkje som det skulde elles.

15. Var det langt ut paa dagen naar ein sa: "gu-morn", og ein so huksa paa det med det sama ein hadde sagt det, so la han gjerne til: "men han er vel solbrend". - Sola hadde skine for lenge. ("Gu-morn, men han er vel solbrend".) Hukste han ikkje sjølv paa dette han som hadde misgjort seg, so kunne den andre svara: "Gu-morn igjen, men han tek til aa bli solbrend". Men det vart rekna for aa vera lite uhøveleg. Mest høvisk, att nokon - og det vart mest vanleg bruktaa svara "Gu-singde", naar ~~ein~~ hadde brukt ei helsing som ikkje passa med tidi paa døgnet.

16. Den gamle helsingi blir meir og meir burtlagt etter-kwart, og "morn" blir snart brukt heile dagen um ikkje akurat um kvelden.

17. Det var berre dei gamle som brukte helsingi "signe arbeidet", "signe maten" og "til lykke med arbeidet",

eller "signe arbeidet" Dette blir brukt iblandt endaa.

18. Det finnst i ein tekst i ein gamal lydarslaatt fraa Valdres som heitter Ulsetlaatten eller Grihamaren.

O signe de gjente o bære me før de,
 O signe de gjente o bære me før de.
 So lengi du leika o lokkast ve me,
 So lengi du leika o lokkast ve me.
 o narra me te o liggji me de,
 o du at me me,o e at me de.

Dette "signe" og "velsigne" vart ofte frambore som eit fint ynskje, eller som ei vakker tiltale som :"Gud velsigne nokon deg baadnet mitt". - Naar ~~ein~~, paa ein eller annan maate var heldigar enn den andre, so sa den minst heldige t.d.

: " Selvar deg", so bra det gaar med deg støtt", Eller "Selvar deg, som faar kyra so tidleg". Dette har eg mest fraa gran-kona Ragnhild Kirkevoll, men det var ikkje vanleg brukt.

19. I det høve vart det brukt :"gu-dag i huset, og takk før sist!", eller "gudag i stogun".

20. Skulde ein tala um noko løynt bad ein um aa faa tala med mannen "under fire augo", men det kunne ogso gjelde andre enn husfaren.

21. Det var ikkje vanleg aa banke paa døra før ein gjekk inn. Men paa folkeskula kan eg hukse at folk banka paa døre naar dei skulde tala med skulemeistaren, og han svara: "Kom inn".

23. Ein skulde bli staa-ande ved døre til dei bad ein sita.

24. Det var ikkje vanleg aa ta av seg luva naar ein kom inn før i tidi, luvone var ofte ganske smaa.

25. "Du faar sjaa aat du faar sita; eller" du faar hitpaa sita". Dreiv kona med eit enn anna arbeid paa golvet so det var trangt og urødigtn kunne ho seia: "Du slepp vist ikkje fraa døren held her idag." Eller :"du faar ikkje sita held hjaa oss i dag". - Ein gap svara paa ei slik tiltale: " Aa-jau daa, hatt eg so mange (føe) bakenda so det er seto til, so skulde ikkje eg vera ibeit".

26. Som før sagt so var det liten skilnad paa folk i Valres.
27. Noko serskilt trur eg ikkje det vart sagt eller gjort um det kom framande. Men det vart gjerne sagt :"Det er nytt aa sjaa deg her" - eller! Det er nytt aa sjaa deg paa desse trakto".
28. Det var nokso vanleg aa turke over stolen med handi naar det kom framande. Var det ruskut paa golvet bar det til aa sope um gjesten var komen inn. Men det var ikkje alle som likte det.
29. Veit ikkje um det vart gjort paa nokon serleg maate.
30. Den som kom til aa gaa innom ganske ofte helsa gjerne slik:"Gu-dag til kor dag, eg tek til aa gaa ofte". Daa vart det svara:"Ein faar gaa som æring~~a~~ har".
31. Det var vanleg aa seia:"lykke paa reisa", eller"lykke paa turen", og brukta "lykksom tur". Reiste ein av huslyden til dømes til Amerika var det meir høgtidssamt som:" Gud gji Gud vilde vera med deg"; eller "Gud vere med deg".

Ein eldre mann i fraa V.Slidre, Knut paa Hjarstadmarken skulde taka farvel med sonen sin som skulde til Amerika og sa det slik:"Aa Gud gji Gud vilde vera med deg over havet , sidan maa dei vel for pokker ha gode skjep".

32. Det var ingen skikk blant vanlege folk aa kysse kvarandre til farvel.

33. Ikkje vanleg bruk.

34."Munnast" var brukta istaden for ordet kysse.

35. Ikkje brukta.^{og 40} 36. Ikkje. 37. Ukjent. 38. Lite i bruk.

39. "Byte nase" med born var brukta av dei innan huslyden.

40. Stela nase av born var vanleg. Ein tok nasen millom peike og langfingeren og etterpaa sette ein tommesfingeren fram millom dei^{to} fingrane og syne barnet at dette var nasen.- Daa var ikkje barnet lenge um aa kjenne etter paa seg um nasen var burte.

42. Kjake mot kjake heitte:" aa gje mjuk kjake ".
888

43. Brukt berre med born.- Det kunne vel ogsaa bli sagt i spøk millom vaksne og. Dei sporde daa :"um dei kunne faa mjuk kjake".

44. Naar ~~Ø~~il dømes ein gut hadde vore til daapen kunne det heite:" Du faar til lukke med han Torstein",eller til lukke med guten".

45."God jol",godt nyaar,god paaske,god kvitsun.- Til lukke med barnet. Til lukke med dagen.

46.-

47.

48.

49. Aa klappe seg i bakenden til kvarandre synte stor vanvyrdnad.

50.Folk sa berre du til kvarandre.

51. Eg høyrde i visse høve born som sa "han " um styggfar sin,men um det var vanleg er eg ikkje sikker paa.

I gamle dagar var det best aa vera vener med hauga-folket (dei underbuande).Førnamde ein at det var hauga-folk i nerleiken maatte ein helse paa den maaten:"Vel
vøro dø - eller "vel er dø,og vel vøro dø". Var hauga-folket i godløte so svara dei atta "Vel vøro dø",Daa var det verste gjort.Daa kom praten istand,og dei ~~X~~
gav ofte gode gaavor til kvarandre.

Den 15/2 1923

G.Kirkevoll.